



Grødaland i Hå, 1950-åra. Foto: Widerøe.

BONDELAGA I ROGALAND

Opphav og framvekst


EINAR K. TIME

Bondelaga i Rogaland er ikkje så gamle av år slik me kjenner dei i dag. Men dette er eit feil utgangspunkt når desse laga skal vurderast nærare i ein historisk samanheng. Faktisk kan røtene deira førast 170–180 år tilbake i tida. I denne artikkelen skal me gå litt tilbake i historia, og prøva finna samanhengar.

Den eldste tida

For eit par hundre år sidan byrja fridomsdeane i Europa for den såkalla ålmugen også å nå landet vårt via Danmark. Historisk var me komne inn i opplysningstida med skiping av «Landhusholdningsselskap», føregangarane til landbruksselskapa våre. Stavanger Amts Landhusholdningsselskap er eit av dei aller eldste av desse, skipa i 1776, og det har med få, korte avbrot vore i drift heile tida. Føremålet med desse institusjonane var å gje ålmugen allmenn opplysning, men særleg satsa ein på å auka kunnskapen innan primærnæringane. Dei ærverdige medlemmene i desse selskapa, rike kjøpmenn og embetsmenn, stimulerte bøndene til innsats gjennom allmenne opplysningstiltak og ved å gje pengepremiar for godt arbeid. Midla til dette tok dei frå eigen pengepung. For å nå eit endå breiare publikum enn det ein makta å få kontakt med frå det byplasserte Stavanger Amts Landhusholdningsselskap, tok dette i 1829 initiativ til å starta såkalla «Sogneselskaber». Oppmoding om dette gjekk til alle prestane i fylket. Desse sokneselskapa skulle så etter føresetnadene verta underavde-

lingar av Landhusholdningsselskapet. Såleis skulle ein få ein felles organisasjon med ledd både på lokal- og fylkesplan, og på landsplan, når ein tek med Selskapet for Norges Vel i biletet. Vedtekstmønstret for desse laga var innvikla og detaljert, og det var tydeleg påverka av tysk og dansk tenking og språkbruk. I praksis vart det likevel vanskeleg å få lagslivet til å fungera slik, og fleire prestar arbeidde derfor om vedtektene i meir praktisk lei. Det var alltid presten som var opphavsmann, men han hadde ofte store problem med å få folk med seg. Som regel vart berre dei mest kunnskapsrike og framtøkne bøndene medlemmer av sokneselskapa. Så lenge skrive- og lesekunsten var heller dårleg hjå ålmugen, og folk flest hadde problem med å skaffa kontantar til medlemspengar, fekk sjølvstekt ikkje desse laga noko særleg utbreiing. Litt likare vart det då nokre av dei etter kvart byrja organisera felles innkjøp av minekrut, jarn og grasfrø til sjølvkost. Sokneselskapa i midten av det førre hundreåret var engasjerte på eit mykje breitt fagfelt. Jorddyrking, seinare også grøftingstiltak, stod alltid høgt på oppgavelista.



For å fremja opplysning om jordbruket begynte Det kgl. Selskab for Norges Vel å gi ut «Tidsskrift for Det norske landbrug» i 1893.

Men husdyrstelltet kom og sterkt i fokus, og i første rekkje var dei opptekne av sauene og storfeet. Men – det gjekk her som så ofte elles i livet. Etter kvart minka interessa, presten døydde kanskje, eller flytte,


og det vart ingen til å overta leiinga av sokneselskapet. Endelykta vart at uti 1830-åra måtte mange sokneselskap innstilla verksemda. På årsmøtet i Landhusholdningsselskapet i 1839 heiter det at fleire av sokneselskapa hadde lagt ned drifta, og nye lag hadde ikkje kome til. «Af de endnu bestaaende have nogle vist megen Virksomhet, andre mindre, og nogle synes blot at vegetere», står det i protokollen. Då var det att berre 15 slike lokallag. Men det skulle gå endå verre: I 1843 var det berre Lye, Hå og Klepp som hadde sendt årsmelding. Då Stavanger Amts Landhusholdningsselskap mellombels stoppa verksemda i 1846 (det starta opp att i 1849), vart dei fleste lokale selskapa lagde ned, eller omforma til «Læseselskaber» o.l. Det reorganiserte Landhusholdningsselskapet gjorde så opptak til å få skipa nye underavdelingar på bygdene, no kalla «Landboforeninger». Frå først av var det ni slike i fylket, ei i Karmsund, ei i Bjerkreim og resten i Jæren-området. Men tilslutninga gjekk mykje opp og ned, og i 1874 syner årsmeldinga at det berre var «6 Landboforeninger som staar i Forbindelse med Landhusholdningsselskabet». Og tilstanden berre forverra seg med åra:

I 1877. Inga forening hadde sendt årsmelding.

I 1878. «Landboforeningerne synes at føre en vegeterende Tilværelse.»

I 1879. Fleire foreningar vart strokne av medlemslista fordi dei ikkje hadde gitt lyd frå seg på ei årrekkje.

Uti åttiåra vart det litt likare, men nokon skikkeleg snunad i denne lokale lagsverksemda fekk me ikkje før i nittiåra. Men før me fører historia vidare til



Separatoren innvårsla ei ny tid i mjølkestellet. Illustrasjon frå katalog over Baltic separator. *Jærmuseet.

denne meir kjende tida, skal me ta eit steg tilbake til første delen av hundreåret då det vart skipa ei rekkje såkalla «Smaa Agerdyrkingsforeninger». Desse fungerter som eit slags underavdelingar av sokneselskapa, og bygde i prinsippet på den eldgamle dugnadsskipnaden i ny utgåve. Desse laga var heilt spesielle for Rogaland og for enkelte lokalitetar på Austlandet. Autoritetane hadde motarbeidd denne gamle dugnad-

stradisjonen først og fremst for di slike samkomer ofte enda med fyll og ulivnad etter unnagjort arbeid. Derfor var det eit ynskje om å få ta vare på den gode ideen og få sett i gang slike lokale arbeidslag etter nye prinsipp. I 1808 vart det teke eit lokalt initiativ til dette, og i 1813 vart det endåtil arbeidd ut standardvedtekter for drift av slike grendelag. M.a. vart det i § 6 fastsett at «Alle Arbeider ske paa egen Kost, som bør medbringes uden mindste Betaling, og maa den som nyder Arbeidet ikke give Mad, Brændevin, Øl eller nogen stærk Drik under Mulkt af 1 Rdlr. til Selskabets Kasse.» Men, det var nok ikkje enkelt å snu gammal sedvane, jamvel om Landhusholdningsselskapet sterkt oppmoda om at det måtte skipast slike arbeidslag etter dei nye retningslinene. Dei fleste vart liv laga berre nokre få år, før ein igjen var inni den gamle tralten. Det hjelpte heller ikkje om ein delte ut minekrut gratis, eller til nedsett pris, for å stimulera denne aktiviteten. Tida var ikkje mogen for slike felles aktivitetar, enno.

Mot nye tider

For å forstå utviklinga i sytti- og åttiåra, er det viktig å ha i minne at tidene var økonomisk vanskelege for bonden, som måtte tevla med billig importmat utan noko form for tollvern. Dette var sjølvsagt og tilfellet då me kom til nittiåra. Men ny teknologi i produksjonen, og nye vegar i foredling og omsetning, gjorde etter kvart inntog. På årsmøtet i Landhusholdningsselskapet i 1891 tok Samuel J. Sandved til orde for å få skipa fleire «landboforeninger» med tanke på felles innkjøp av driftsmiddel (kraftfor, kunstgjødsel og såfrø). Dette fengde, og i 1893 vart Stavanger Amts Landbrugsforening skipa som eit felleskjøp for

dei «landboforeningerne» som ville driva slik verksemd. I 1895 var det heile 27 medlemslag i dette Felleskjøpet. Men i 1899 vart *Stavanger Amts Landbrugsforening* oppløyst og lagd inn under Landhusholdningsselskapet. Me forstår av dette at det i første rekkje var fordelane med felles innkjøp av driftsmiddel som skapte livsgrunnlaget for auken i «landboforeninger» på denne tida. Samstundes var som regel «landboforeningerne» og medlemmer av Landhusholdningsselskapet. Nedafor er synt dei som var medlemmer her dei første åra:

År	Tal lag	Enkeltmedlemmer	
		i laga	
1894	10	–	
1895	16	122	
1896	22	–	
1897	22	–	
1898	33	140	
1899	49	189	
1900	50	282	

Det er likevel vanskeleg å finna eins opplysningar i dei gamle kjeldene om medlemskap i Felleskjøpet og i Landhusholdningsselskapet. Eg har valt å gå ut frå årsmeldingane til Landhusholdningsselskapet, og skal gje att fleire data derifrå for å finna nærare forklaring på utviklinga frå «landboforening»/innkjøpslag til landbrukslag/bondelag. I heile perioden 1893–1946, då Rogaland Bondelag vart skipa, hadde

lokallaga fleire opppgåver: Reine innkjøpslag, kombinerte innkjøpslag/faglege rettleiingsfora, og frå 1896 byrja enkelte òg så smått å behandla næringspolitiske spørsmål. Det heng ihop med at Norsk Landmandsforbund vart skipa dette året, og då kunne både enkeltpersonar og «landboforeninger» melda seg inn som medlemmer i denne organisasjonen. Det er ukjent kor mange lag/enkelpersonar som var medlemmer i NLF i Rogaland desse første åra. Ei lovendring i NLF i 1909 slo fast at personleg medlemskap skulle vera det berande prinsippet. Men, lovendringa førte og til at NLF fekk organisasjon i krinsar på fylkesplan frå 1910, samstundes som me fekk ei ny valordning til stortingsval med einmannskrinsar. I Rogaland fekk me fem slike: Karmsund, Ryfylke, Hafrsfjord, Jæren og Dalane. Samstundes som bonden såleis var direkte medlem i NLF, vart han frå då av automatisk medlem i lokallaget i krinsen, og såleis indirekte medlem av NLF også gjennom dette. Eg skal ikkje gå nærare inn på kontingentordninga, som var svært innvikla. Men forholdet vert ytterlegare komplisert ved at bøndene enkeltvis, eller gjennom lokallaget, som regel var medlem av Landhusholdningsselskapet, som dreiv Felleskjøpet fram til 1918. For oss verkar ordninga rotete, og ho var nok heller ikkje lett å halda styr på for administrasjonane. For namna på lokallaga endra seg òg støtt, og me må tru at det danske ordet «landboforening» nokså tidleg vart bytt ut med landmannslag, eller helst med landbruksforening, som sidan vart til landbrukslag/bondelag. Like til 1914 vart lokallaga kalla «foreninger» (underforstått «landboforeninger») i årsmeldingane til Landhusholdningsselskapet. Av 110 underavdelingar som hadde sendt årsmelding i 1914, kalla 100 seg for landbruksforeningar, seks heitte innkjøpslag og fire

brukte faktisk ordet bondelag. Dei fire var desse: Bondelaget «Erling Skjalgson», Sola, «Sola Bondelag», «Vormedalen Bondelag» og «Skåre Bondelag». Kor *medviten* denne namnebruken var, er ikkje så godt å seia. Men av årsmeldinga til tre av bondelaga går det fram at dei dette året dreiv med innkjøpsverksemd, og eitt hadde i tillegg skipa «landmannsstevne» og fest.


I 1920 hadde mangt endra seg i lokallaga om namnebruken:

Lag	Namn
3	forbrukslag/handelslag
8	landbrukslag
5	innkjøpslag
2	landmannslag
6	bondelag
2	gardbrukarlag
2	jordbrukslag
1	kjøpelag
97	landbruksforening

Dei aller fleste synest enno å ha hatt innkjøp som hovudoppgåve. Men ganske mange må og ha drive med lagsarbeid av ymse slag. I 1920 skifte Landhusholdningsselskapet namn til *Rogalands landbruks-selskap*, og samstundes arbeidde det ut standardvedtekter for tilslutta underavdelingar. (s-en i Rogalands vart sidan sløyfa). Her heiter det m.a. i original tekst: «Saafremt laget skal drive indkjøpsvirksomhet gjennom Rogalands Fælleskjøp maa det staa som under-

Selvrensende Træskeværk

N. R. Petersens Patent.



Overalt anerkjendt som de bedste i Handelen.
— Træskerne leveres saavel stationære som transportable. —
Forlang Katalog.


Amerikanske Benzinmotorer

Stationære &

Transportable

Den billigste, letvindtteste og mest drifts- og ilds sikre Drivkraft for Gaardsbrug, Froenserier, Meierier etc.

Ingen Maskinist.



Den bedste Drivkraft for Træskeværk. Vi har af disse Motorer leveret et større Antal, der sautilige arbejder til Kjøbernes høieste Tilfredshed. Ingen Hidsfare.

1ste Præmie Kongsvinger 1905.

Brown & Mays
Sagbrukslokomobiler.

Forlang Kataloger.

S. H. LUNDH & Co.
CHRISTIANIA & TRONDHJEM

Norges største Lager af Landbrugsmaskiner.

Fyrst på 1900-talet auka maskinbruken sterkt i jordbruket i Rogaland. Reklameside frå «Tidsskrift for Det norske Landbrug» 1906.

avdeling ogsaa av dette og gaa med paa de betingelser som Fælleskjøpet stiller til vareleverance, beta-

ling m.v. og maa underskrive det av Fælleskjøpet forlangte garantidokument.»

Fem år seinare er namnesituasjonen heilt endra. Av 106 underavdelingar i Landbrukssekskapet var 100 landbrukslag, seks var bondelag og eitt jordbrukslag. Årsmeldinga for dette året syner at 26 landbrukslag, fem bondelag og det eine jordbrukslaget hadde drive med allsidig lagsaktivitet attåt innkjøpsverksemda.

Frå 1930 byrjar me sjå ein heilt klar tendens til at oppgåvene for lokallaga vert endra. Nedafor er dette demonstrert for tre år: 1930, 1935 og 1940.

	Landbrukslag		Bondelag	
	med kjøp	utan kjøp	med kjøp	utan kjøp
1930	57	21	5	0
1935	43	19	5	2
1940	30	17	5	1

Det er først og fremst talet på underavdelingar med kjøp som går ned. Dei store landbrukslaga på Jæren slutta tidleg med kjøpsverksemd, og konsentrerte arbeidet sitt meir om opplysningsoppgåver og landbrukspolitiske spørsmål. I trettiåra er denne tendensen rådande over heile fylket. Dette heng ihop med fleire viktige utviklingstrekk. Forbrukslaga/handelslaga bygde ut, og etter kvart som transporten vart letta med betre vegar, minka behovet for særskilde innkjøpslag i meir sentrale område. Men me har

mange unntak, mellom anna på bylandet. Derimot var ikkje stoda særleg endra i fjordområda våre, og bøndene her såg seg framleis vel tente med små innkjøpslag som tidlegare. I tillegg dreiv enkelte av dei også vanleg fagleg lagsverksemd.

Konklusjonen på denne utviklinga frå først på 1890-talet til krigsutbrotet kan enkelt formast slik:

Det var i første rekkje behovet for små, lokale kjøpelag som danna grunnlaget for dette faglege lagslivet i bygdene våre. Laga skifte namn med tida, etter kvart som oppgåver og ytre rammevilkår vart endra. Men det er liten grunn til å tru at namneovergangen frå landbrukslag til bondelag var næringspolitisk motivert. Derimot kan me nok gå ut frå at bøndene ynskte å kvitta seg med det danske ordet «landboforening» først på hundretalet, og heller ville ha inn eit norskare omgrep, først landbruksforening, og seinare landbrukslag. Då Norsk Landmandsforbund skifte namn frå 1922 til Norges Bondelag, skulle ein kanskje ha venta at lokallaga hadde fylgt med. Men det skjedde ikkje, enno. Men Sauda Bondelag, skipa i 1933, tok dette namnet, medan t.d. Varhaug Bondelag frå 1920 vart skipa under namnet Varhaug landbruksforening, og først i 1946 «døypte seg om» til Varhaug Bondelag.

Som kjent vart alt bondelagsarbeid innstilt under krigen, og først starta opp att i 1945. Til slutt skal me kort omtala den organisatoriske utviklinga dei siste 50 åra.

Det moderne lokale bondelaget

Alt før krigen arbeidde Norges Bondelag iherdig med å få skipa nye bondelag i eigen regi. Organisasjonen bygde så langt han kunne på dei lokale landbrukslaga



har gjennom den nedsatte Bedømmelseskommite tilkjendt
 Her Fabrikeier O. G. Kverneland af Thime
 Baron Harald Wedel-Jarlsbergs Extrapremie
 for under Hovedafdeling III Katalog No. 47 udstillet
 Sloug

hvilket det er Mødets undertegnede Bestyrelse en Fornøjelse
 at bevidne.

A. Mogenshøivang H. Kvaloy A. Brudde
 J. Grønde J. H. Hansen M. Olsen
 J. Grønde

Diplom frå Bedriftsarkivet til Kvernlands Fabrikk. *Jærmuseet.

gjennom krinsane, i den mon lokallaga hadde næringspolitiske saker som viktige gjeremål. Men laga kjende seg ofte isolerte, her var ingen samlande organisasjon på fylkesplan som kunne stimulera til innsats, og krinssekretærene hadde som regel jobben som tilleggsarbeid og var ofte dårleg løna. Reisene var gjerne og tidkrevjande, og med dei små ressursane krinsane disponerte, vart det utført lite organisatorisk arbeid. I 1938 vart Rasmus Berge tilsett som sekretær i Ryfylke krins, året etter også i Karmsund krins. Han fekk utført ei storveges verving av nye medlemmer til Bondelaget, og med skiping av nye lag. M.a. greidde han å auka medlemstalet i Ryfylke krins med 545 nye medlemmer (i 1937 245 stk.) Då fylkeslaget endeleg vart skipa den 5. november 1946, fekk vervingsarbeid høgste prioritet. Berge var då tilsett som sekretær i det nye fylkeslaget, og no fekk han full bruk for sitt organisatoriske talent, og si rike røynsle med skiping av nye lag og verving av nye medlemmer. Berre i 1946 fekk Bondelaget 4.300 nye medlemmer i Rogaland, og heile 25 nye lag kom til dei første åra etter at me fekk fylkeslaget.

Eit notat frå Rasmus Berge (1986) om skiping av ein del bondelag etter 1946 syner at desse laga kom til:

Sand Bondelag vart skipa i 1937.
 Erfjord Bondelag vart skipa den 03. mars 1939.
 Forsand Bondelag vart skipa den 13. mars 1946.
 Talgje Bondelag vart skipa den 10. mai 1946.
 Dirdal Bondelag vart skipa den 21. mai 1946.
 Idsø Bondelag vart skipa den 06. juni 1946.
 Sør-Mosterøy Bondelag vart skipa den 05. august 1946.

Mosterøy Bondelag vart skipa den 18. oktober 1946.
 Stangaland Bondelag vart skipa den 30. oktober 1946.

Riska Bondelag vart skipa den 12. februar 1947.
 Onga Bondelag vart skipa den 28. februar 1947.
 Tysvær Bondelag vart skipa den 23. april 1947.
 Strand Bondelag vart skipa den 25. april 1947.
 Tuastad Bondelag vart skipa den 19. mai 1947.
 Skjold Bondelag vart «nyskipa» den 23. mai 1947.
 Lund Bondelag vart skipa den skipa 31. mai 1947.
 Skåre Bondelag vart skipa den 28. september 1947.
 Bokn Bondelag vart skipa den 29. september 1947.
 Åkra Bondelag vart skipa den 22. november 1948.
 Avaldsnes Bondelag vart skipa den 18. november 1948.

Torvastad Bondelag vart skipa den 19. november 1948.

Fogn Bondelag vart skipa den 13. januar 1950.
 Suldal* bondelag vart skipa den 25. mai 1949.
 Fisterøyane bondelag vart skipa den 16. desember 1949.

Kvitsøy bondelag vart skipa den 16. desember 1958.

Utsira Bondelag starta opp med sju medlemmer og *kontaktmann* 11. august 1967.

*(Tidlegare Førland Bondelag gjekk inn i Suldal Bondelag).

Etter at me fekk fylkeslaget, gjekk dei gamle landbrukslaga etter kvart over til å nytta namnet *bondelag*. I lista over underavdelingar i Rogaland landbruksselskap i 1946 kalla 10 lag seg for bondelag, i 1947 var dette talet auka til 29. Etter årsmeldingane til Rogaland Bondelag var situasjonen slik dei første åra:



Annonse frå «Tidsskrift for Det norske Landbrug» 1939.

1946: 44 bondelag med 4.647 medlemmer
 1947: 62 bondelag med 5.682 medlemmer
 1948: 61 bondelag med 5.792 medlemmer
 1949: 60 bondelag med 6.029 medlemmer
 1950: 59 bondelag med 6.030 medlemmer

Her treng ikkje vera nokon motsetnad mellom dei to kjeldene når det gjeld talet på bondelag. Det gjekk alltid ei tid etter at eit lag var skipa før det søkte om medlemskap i Landbruksselskapet, og det er ikkje

sikkert at alle gjorde det heller. Frå 1946 fekk me etter kvart eit skarpare skilje mellom lokallag med rein innkjøpsverksemd og lag skipa og drivne etter lovene til Norges Bondelag.

I dag har talet på bondelag gått litt ned jamført med desse første åra. Men dette skuldast at mange mindre lag er slått ihop til større einingar (kommunesamanslåingar, endra kommunikasjonar m. fl. grunnar). Ei direkte jamføring av laga og medlemstala deira 1946–1950 med 1996 er derfor umogleg. Endåtil så seint som i 1994 skjedde det samanslåingar. (Søre Skjold Bondelag og Tysvær Bondelag gjekk saman til *Tysvær Bondelag*). Det samla medlemstalet har likevel gått opp, trass i at talet på driftseiningar over fem dekar jordbruksareal har minka med 34% frå 1959 til 1989. I 1995 hadde Rogaland Bondelag i alt 6.318 medlemmer fordelt på 50 lokallag, og det har i ei årrekke vore det største fylkeslaget i landet.

Mange lokallag møter gjerne eit praktisk problem når dei passerer runde år. Sjølve skipingsdagen *kan* vera vanskeleg å fastsetja, særleg for lag som har hatt kombinerte oppgåver. Men lagsprotokollane vil i dei fleste tilfella gje god rettleiing om «fødselsdatoen».

Få lokallag har gjennom tidene hatt så mykje å seia for bonde og bygdeliv som dei lokale bondelaga. Ein tek ikkje for sterkt i med å hevda at dei har vore fellesnemnarar og garantistar for trivsel og vekst i vår viktigaste bygdenæring. Og *det* er dei framleis.